		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga	Kontroll ved Hesjedalen avfallsplass	RAPPORT

Verksemda si adresse:	P.b. 349 6801 Førde	**Arkivkode:**	
Lovverk:	Sjå kap. 2 Dokument-grunnlag	**Tidsrom for kontrollen:**	13.09.2005
Kontrollør:	Gøsta Hagenlund Bjarne Nes	**Kontaktperson i verksemda:**	Håkon Grepstad
Deltaking frå verksemda:	Håkon Grepstad Henrik Lunde etter kontrollen		

Innhald i rapporten:
Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Andre tilhøve som vedkjem aktuelle kontrolltema er og omtalt.

Hovudkonklusjon:
Avfallsplassen synest å vere innretta på mottak av sams avfall. Når det ikkje lenger var mogeleg for avfall som inneheld våtorganisk avfall, har verksemda vald å transportere alt slikt avfall til annan handsaming. Motteke avfall til deponering får ein noko overflatisk kontroll. Feillevert avfall som likevel vert oppdaga, vert truleg i mindre grad fjerna frå deponiet. Mange transportørar har direkte tilgang til deponiområdet.

Utarbeidd dato:	**22.11.2005**
For Fylkesmannen	Gøsta Hagenlund kontrollør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Hesjedalen avfallsplass den 13.9.2005.

Kontrollen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon som Statens forurensningstilsyn og Fylkesmennene gjennomfører hausten 2005. Målet med aksjonen er å kontrollere at avfallsdeponia blir drivne forsvarleg og i samsvar med utsleppsløyve og gjeldande forskrifter. Det vart særleg sett på om deponia har ein god kontroll med det avfallet som blir teke i mot/deponert. Dette m.a. for å unngå at ulovleg avfall hamnar på deponia.

Kontrollen vart gjennomført ved samtalar med ansvarleg for avfallshandteringa i Sunnfjord Miljøverk, innsyn i avfallsregistrering og ved inspeksjon ved avfallsplassen.

Kort omtale av Hesjedalen avfallsplass og avfallshandteringa.
Gjeldande utsleppsløyve for plassen er datert 10.2.2000, og er ei oppdatering/endring i høve tidlegare løyve.

På avfallsplassen sitt område er det i dag:

- Mottak og mellomlager for farleg avfall / EE-avfall
- Containerar for sortering av avfall frå private og næringslivet
- Containerar for restavfall
- Omlastingsstasjon for hushaldningsavfall
- Deponiområde

Etter 2004 har innsamla hushaldningsavfall ikkje blitt deponert, men sendt til forbrenning. Mengda avfall til deponi har difor gått vesentleg ned. Avfallsplassen og avfallsselskapet gir inntrykk av å vere innretta mot mottak og handtering av deponerbart avfall. Plassen er godt sikra mot ukontrollert avrenning.

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen:

- "Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)"
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 3, 4, 5 og 11
- Utsleppsløyve datert 4.9.97 med endring 10.2.2000.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Diverse korrespondanse mellom SUM og Fylkesmannen

3. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Kontrollen med motteke avfall er svak.

Kommentar: Motteke avfall gjennomgår ein noko overflatisk kontroll med grunnlag i oppgitt last og kjennskap til kundar. Gjenvinnbart avfall som vert frakta til deponiområdet, vert berre i liten grad fråsortert. Feillevert avfall som kjem så langt som til deponiområdet vert i mindre grad teke vekk. I nokre høve vert det gitt melding til kunden og evt. belasta meirkostnad.

Merknad 2: Mange transportørar har tilgang til deponiområdet.

Kommentar: Løyvet legg opp til at ingen vanlege transportar med unntak av faste, eigne bilar skal ha tilgang til deponiområdet. Inntrykket er at dei fleste næringsavfallskundane transporterar til deponiområdet.

Merknad 3: Gjennomført risikoanalyse handlar mest om arbeidsmiljø.

Kommentar: Ein saknar ei betre omtale av og målsettingar og gjennomføring av tiltak i høve til risiko for "ytre miljø".

4. Andre tilhøve

4.1 Deponiet og avfallsselskapet gir inntrykk av å vere innretta mot å handtere sams avfall

Det er positivt at det er planar om mottakshall og fråsortering av alt sams avfall som vert levert til plassen. Det vert som kjende ein presisering av gjeldande avfallspolitikk når ikkje-sortert avfall vert forbode å deponere i 2009.

Allereie no har dei fleste avfallsselskap innretta seg godt etter hovudprinsippa i avfallspolitikken. SUM gir likevel inntrykk av å vere mindre opptatt av å fråsortere mest mogeleg, for så å deponere ei ikkje-sorterbar rest. Selskapet har få sorteringsfraksjonar. Så lenge hushaldningsavfallet kan energiutnyttast som sams masse, kan ein låg fråsorteringsgrad vere økonomisk tiltalande. Motteke næringsavfall kan det likevel vere ein fordel å sortere ut i mest mogeleg grad. Allereie før deponiforbodet for usortert avfall tek til å gjelde, kan det kome maksimalkrav til mengd restavfall som kan deponerast. Nye rutinar for fråsortering tek tid å innarbeide.